



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA



Årsmelding 2021

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Innhold

| | |
|---|-----------|
| 1. Innleiing og målsetjingar | 3 |
| 1.1 Samansetjing av AU | 3 |
| 1.2 Korona..... | 4 |
| 2. Studentpolitisk arbeid i Studentparlamentet | 4 |
| 2.1 Møteaktivitet i Studentparlamentet..... | 4 |
| 2.2 Saker Studentparlamentet har jobba med..... | 4 |
| 2.3 Råd, utval og prosjektgrupper | 5 |
| 3. Arbeidsutvalet | 5 |
| 3.1 Møteaktivitet og dagleg drift..... | 5 |
| 3.2 Synlegheit og profilering | 6 |
| 4. Studentvelferd og arrangement | 7 |
| 4.1 Velferdsgruppa | 7 |
| 4.2 Sosial vår..... | 7 |
| 4.3 Sosial haust..... | 7 |
| 4.5 Førstehjelp i eksamenstida | 8 |
| 4.6 Internasjonale studentar | 8 |
| 5. Tillitsvalde og Studentrådet | 9 |
| 5.1 Kontaktinfo til tillitsvalde..... | 9 |
| 5.2 Allmøte for tillitsvalde - Studentrådet | 9 |
| 6. Studiestart 2021 | 9 |
| 6.1 Fadderveka | 9 |
| 6.2 Val av nytt Studentparlament..... | 10 |
| 6.3 Oppstartshelg | 11 |
| 7. Samarbeid | 11 |
| 7.1 Samarbeid med leiinga ved HVO og Studentsamskipnaden | 11 |
| 7.2 Studentrådet i UH-nett Vest..... | 12 |
| 7.3 Norsk Studentorganisasjon (NSO)..... | 12 |
| 7.4 SAIH – Studentenes og akademikernes internasjonale hjelpefond | 13 |
| 8. Økonomi | 13 |
| 8.1 Budsjett og rekneskap for 2021 | 13 |
| 8.2 Tildeling av velferdsmidlar | 14 |

1. Innleiing og målsetjingar

Studentparlamentet i Volda er det øvste studentdemokratiske organet ved HVO, og arbeider for studentane sine faglege, demokratiske og sosiale rettar.

Studentparlamentet består av 11 valde hovudrepresentantar med 11 vararepresentantar, og eit arbeidsutval (AU) med 5 studentar som saman med organisasjonskonsulenten tek seg av den daglege drifta.

Prinsippprogrammet for 2018-2022 framhevar Studentparlamentet sitt overordna mål om å arbeide for studentdemokrati og medverknad, studiekvalitet og studentvelferd. Dette er konkretisert i det årlege arbeidsprogrammet som følgjer studieåret. Arbeidsprogrammet for 2021-2022, vedteke på novembermøtet, vektlegg i tillegg inkludering og likeverd, miljø og samarbeid.

1.1 Samansetjing av AU

Arbeidsutvalet fram til april 2021:

Leiar – Trym Nikolas Rimmen

Nestleiar og informasjonsansvarleg – Anna Kristin Indridadottir

Internasjonalt ansvarleg – Paloma Lorenzale Alonso

Velferdsansvarleg – Arnaud Duhamel (innvald i oktober 2020)

Fagansvarleg – Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik (innvald i februar 2021)

Arbeidsutvalet etter valet i april 2021:

Leiar – Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik

Nestleiar og fagansvarleg – Matilde Tafjord Rødhammer

Velferdsansvarleg – Daria Jermacane

Informasjonsansvarleg – Bethel Britto

Internasjonalt ansvarleg – Fady Gemayel



1.2 Korona

2021 var, i likskap med året før, prega av pandemien. Smittevernreglar gjorde seg gjeldande på Høgskulen heilt fram til september, då ei full gjenopning fann stad. Volda har vore heldige med lite smitte sett i forhold til andre studiestadar. Det har i praksis betydd at frå mars så kunne Studentparlamentet og AU nærmast hatt møter fysisk, eller i ein hybrid løysing. I samband med planlegging av smittevern på Høgskulen, var leiar fast medlem i kriseleiinga på HVO.

Studentparlamentet har hatt både fysiske møter med godt smittevern og digitale møter. 2 av 4 parlamentsmøter på våren tok plass fysisk/hybrid, medan alle møta i haustsemester har teke plass på Høgskulen.

Vårsemesteret byrja med at undervisning gjekk føre seg digitalt. Førsteårsstudentar blei prioritert for fysisk undervisning. Eksamen til sommaren var heimeeksamen.

Til hausten fekk alle studentar ein smakebit av ein ordinær studietid, då samfunnet opna for fullt og 1-meters regelen forsvann. Fram til 10. desember gjekk undervisning og eksamenar som normalt. Uheldigvis kom den nye koronavirusvarianten Omikron i månadsskifte nov./des., og kriseleiinga måtte i likskap med resten av UH-sektoren, gradvis innføre strengare tiltak på nytt. Resterande eksamenar etter 10.12. vart digitale, og tilsette var tilbake på heimekontor. Tiltaka held fram inn i 2022.

2. Studentpolitisk arbeid i Studentparlamentet

2.1 Møteaktivitet i Studentparlamentet

Studentparlamentet har hatt sju møter gjennom året. Grunna koronapandemien vart det digitalt møte i januar og mars via Zoom. På dette tidspunkt var AU rutinert for å dra møtet i land. Elles var det hybrid-møter på våren.

Heldigvis fekk vi gjennomført fysisk oppstartsseminar i Ulsteinvik i oktober, med nokre digitale innleiingar. Her deltok blant andre NSO, SAIH, Studentombod Kjersti Møller, prorektor Odd Helge Tonheim, samt innleiingar frå organisasjonskonsulent, ordstyrar og leiar i AU.

Som følgje av gjenopninga blei alle møter på hausten gjennomført fysisk. Til slutt hadde parlamentet ein liten juleavslutning i desember.

2.2 Saker Studentparlamentet har jobba med

Koronapandemien har prega året, og sosiale tiltak for å hindre einsemd og bevare motivasjonen til studentane har vore ei viktig sak.

Sameleis har AU framforhandla ei ny samarbeidsavtale mellom Studentparlamentet og Høgskulen. Mykje blei vidareført, men nytt av året 2021 var at nestleiar fekk ei 20% betalt stilling, samt at organisasjonskonsulent auka frå 75% til 80% i oktober.

I april blei det gjennomført ei vedtektsendring, der kontrollkomitéen blei fasa ut av Studentparlamentets virke. Studentparlamentet vedtok arbeidsprogram for 21-22 på novembermøtet. I tillegg har det blitt vedtatt eit heilt nytt styringsdokument; etiske retningslinjer.

Språk i Studentparlamentet blei i likskap med fjoråret ei sak som blei diskutert. Stridspunktet no har vore om møta skal vere på norsk eller engelsk. I arbeidsprogrammet blei det lagt inn kulepunkt om at AU skal passe på at meir engelsk blir brukt.

Den største saka har likevel vore om framtida til Studentparlamentets kontor og tilhøyrande lokale. AU har teke del i prosessen, med leiar, nestleiar og organisasjonskonsulent representert i sentrale planleggingsmøte. På januarmøtet 2022 vil Studentparlamentet ha høve til å ta eit endeleg standpunkt om kvar parlamentets kontor skal vere.

Av andre saker gjennom året har Studentparlamentet vedteke ei miljøuttale. AU har opplevd det som ein fordel å ha aktiv politikk om miljøengasjementet til HVO. Spesielt blei dette brukt som grunngjeving for innspela Studentparlamentet sendte inn under prosessen av ny strategiplan 2022-2030 for Høgskulen og som vi sidan har fått gjennomslag for.

I tillegg fekk AU i møte med høgskuleleiinga fått gjennomslag for at klasseroma skal vere mogleg å bruke utanfor ordiner opningstid. Dette blir sett på som ein fordel spesielt under eksamenstida. Eit anna gjennomslag frå Studentparlamentet er Rokken kafé, som SiVolda held på å utarbeide for ei framtidig gjenopning.

2.3 Råd, utval og prosjektgrupper

Læringsmiljøutvalet (LMU) har jobba med å revidere handlingsplan for inkluderande læringsmiljø. AU utarbeidde også høyringssvar med innspel i september 2021. Fristen gjorde at vi ikkje hadde høve til å ta saka opp i Studentparlamentet. LMU jobba også med strategiplanen for HVO 2022-29.

Prosjektgruppe for sosial møteplass i kantina: Matilde Tafjord Rødhammar leia hausten 2020 ei studentgruppe som skulle utarbeide forslag til nytt møblement/utforming av ein sosial møteplass i kantina. Dette prosjektet vart etter kvart utvida, og Fady Gemayel har bidratt inn i ei større gruppe med tilsette og interiørarkitekt for nye møblar/inventar i heile kantina.

Prosjektgruppe renovering av Strøm: AU spelte inn til leiingsmøtet at det ikkje alltid er gunstig å setje studentar i slike grupper med hyppige møter som ikkje alltid er studentrelevante. I staden ynskjer AU at HVO i større grad organiserer innspelsmøter; fokusgruppeintervju eller ideverkstadar der ein kan samle fleire studentar og få fram studentperspektivet.

3. Arbeidsutvalet

3.1 Møteaktivitet og dagleg drift

2021 byrja som ei nær vidareføring av 2020 i forhold til møteverksemd i AU. Gjennom våren blei det veksla på fysiske og digitale møter og heimekontor. På hausten har derimot nær alle møta teke plass fysisk. Minimumskravet om minst tre møtande for å vere vedtaksdyktige har blitt oppfølgt, ofte med fleire enn det og.

Arbeidsutvalet har jobba med ei rekke større organisatoriske saker, t.d. revidering av samarbeidsavtalen mellom HVO og Studentparlamentet, mogleg flytting av studentparlamentets kontor, aktiv deltaking i Velferdsgruppa og gjennomgang av mandatet gruppa, samt gje tilbakemelding om HVO si nye strategiplan for 2022-2030.

3.2 Synlegheit og profilering

Gjennom våren blei det lyst ut val til AU og stillingar i fadderveka på sosiale media. Det blei også promotert å ta "Heilt ærleg"- helse og trivselsundersøkinga, samt sosial vår. Elles så deltok både Trym og Trond-Fredrik i ei innspeling av 17. mai tale for Volda kommune.

Før semesterstart vart det kjøpt handlenett, penn og genserar til AU. Handlenett var kjøpt for studentparlamentets medlemmar og pennar var kjøpt til å ha fadderposane. Det blei også oppdatert brosjyren "Engasjer deg i Volda", som eit tilbehøyr i fadderposane også.

På haustsemesteret kom leiar med ei helsing under opningsvideoen til studiestart. I tillegg stod AU på stand for å promotere studentparlamentet, samt at dei deltok i ei samling for internasjonale studentar i regi av Pangaia. Dette blei delt både gjennom Facebook og Instagram. I valet, så blei studentar oppfordra til å kome innom vaffelstand og avgje si stemme.

Det blei også laga nyheitssak om nytt AU og val til studentparlamentet, samt ei sak om dei nyvalde representantane. Til slutt vart studentane oppfordra til å sei si mening i studiebarometeret på sosiale media.

Framover må AU, med informasjonsansvarleg i front, arbeide med å auke aktivitet på våre sosiale media kanalar.



4. Studentvelferd og arrangement

4.1 Velferdsgruppa

Som i fjor, har samarbeidet med Velferdsgruppa vore svært viktig, særleg i lys av koronapandemien. Velferdsgruppa sine sosiale lavterskel-arrangement har vore viktige når mykje anna har vore avlyst. Leiar og velferdsansvarleg i AU har delteke på nokre av møta i Velferdsgruppa, medan org.kons. har gått inn som fast medlem frå hausten 21 for å sikre kontinuitet og deltaking på faste møter som ofte ligg i undervisningstida. Fleire i AU har stilt opp og medverka i dei ulike arrangementa og aktivitetane til Velferdsgruppa.

4.2 Studentassistentane

Ved hjelp av midler frå Kunnskapsdepartament, fekk HVO ei moglegheit til å tilsette studentar som assistentar på ulike fag, som kan hjelpe andre med studiene. I tillegg blei nokre av studentane tilsette på biblioteket der dei hjalp med litteratursøk, oppgåveskriving og liknande. Studentsamskipnaden tilsette også nokre studentar som fekk ansvar for å organisere arrangement som del av Sosial Vår og Sosial Haust. Alle desse tiltaka var implementert for å hjelpe å bygge opp sosialt liv på Høgskulen i løpet av pandemien.

4.2 Sosial vår

Våren var litt meir prega av covid-19 restriksjonane, og mange arrangement vart gjennomført digitalt. Likevel var det planlagt mange aktivitetar i lys av "Sosial vår", for eksempel Mat og prat, filmvisning, yoga og så vidare. De fleste arrangementa var gjennomført med avgrensa antall folk, som sjølv sagt var synd for dei som ikkje fekk blitt med. Trass dette, var AU nøgd med at studentane fekk eit tilbod om litt aktivitet, sjølv i koronatid. Det er veldig fint at studentene kunne føle seg "normal" og ha det gøy til tross for pandemien.



4.3 Sosial haust

Velferdsgruppa brukte god tid for å planlegge og gjennomføre mange forskjellige arrangementer i løpet av hausten. Dei to studentassistentane frå Studentsamskipnaden var til hjelp med disse. Det vart arrangert "Mat og Prat" annankvar veke, anten i kantina eller på Rokken, der studentar kunne ete gratis middag/kveldsmat, og samtidig møte nye folk og bli kjent. Halloween-gresskar utskjæringskonkurransen, Konfliktkafe – bare noen eksempler av forskjellige arrangementer som gjekk føre seg på HVO denne hausten. Mesteparten av semesteret var fri frå korona-restriksjoner, så deltakelsen på arrangementa var ganske høg.

4.4 Studentorganisasjonane

Organisasjonane hadde det krevjande i 2021 pga koronarestriksjonane, særleg vårsemesteret. I løpet av hausten vart situasjonen litt betre, og ulike organisasjonar som Rokken og Natura fekk nye medlemmar og greidde å gjennomføre ulike aktivitetar. Det er diverre framleis fleire organisasjonar som slit med å starte opp

etter pandemien og kome i gang med arrangement. Vi ser også på søknadane til velferdsmidlar at færre organisasjonar er aktive.

4.5 Førstehjelp i eksamenstida

Biblioteket og Velferdsgruppa tok ansvaret for dette arrangementet, men har inkludert studentassistentene og AU i Studentparlamentet i gjennomføring forskjellige småarrangement. Studentassistentane på biblioteket var til stor nytte for alle som trengte hjelp med oppgaveskriving og litteratursøk. I tillegg til var det gratis frukosttilbod til studentane i kantina i eksamensperioden. Konfliktkafe-arrangementet var også en del av hjelp for studentane før eksamen.

Førstehjelp i eksamenstida var organisert av velferdsgruppa både vår- og haustsemesteret. Vårprogrammet var meir digitalt eller med strenge antallsbegrensingar, medan det vart meir fysisk på hausten.

4.6 Internasjonale studentar

Norsk:

Det var eit eksepsjonelt år for internasjonale studentane si representasjon i AU, der dei utgjorde 3 av 5 medlemmar. Disse var informasjonsansvarleg Bethel frå India, Velferdsansvarleg Daria frå Russland og internasjonalt ansvarleg Fady frå Libanon. I tillegg blei det valt inn 3 internasjonale studentar til Studentparlamentet i haust; derav ein fast representant og to vara.

Fokuset låg hovudsakleg på kommunikasjon med dei internasjonale studentane. Spesielt gjaldt det å rette søkelys på dei som ikkje kan norsk, og har utfordring med språket på campus, i studentorganisasjonane og relaterte sosiale media.

I samarbeid med Pangaia og internasjonalt kontor organiserte AU den første internasjonale kvelden (Norwegian Night) på Rokken. Kvelden var ein suksess, då arrangementet var fullbooket med meir enn 100 internasjonale studentar til stades.

English:

It was an exceptional year for the international students' representation in AU, as out of 5 seats, 3 were occupied by international students: Bethel from India, Daria from Russia and Fady from Lebanon. In addition, 3 international students were elected in the Student Parliament this autumn: hence one permanent representative and two deputies.

The focus has been mainly on communication with the international students. It was especially important to focus on those who do not know Norwegian, and have a challenge with the language on campus, in student organizations and related social media channels.

In collaboration with Pangaia and the international office, AU organized the first international night (Norwegian Night) at Rokken. The evening was a success, as the event was fully booked with more than 100 international students.

5. Tillitsvalde og Studentrådet

5.1 Kontaktinfo til tillitsvalde

Fagansvarleg har arbeidd med både leiar og organisasjonskonsulent i AU med å kunne få eit betre system for innsamling av informasjon frå tillitsvalde. Her har det blitt forsøkt å få til eit tettare samarbeid med Høgskulen, deriblant i møter med både prorektor og IT-avdeling. Nettskjema som innhenting av informasjon om tillitsvalde har vist seg å ha delvis suksess, men likevel med nokon manglar. I tillegg har det blitt forsøkt å standardisere korleis avdelingane skal gjennomføre val av tillitsvalde og kva dei representerer.

På sikt ønskjer AU å få til eit felles forum på Canvas, der informasjon kan bli gitt til tillitsvalde og vidare delast ut til studentmassen.

5.2 Allmøte for tillitsvalde - Studentrådet

Det blei ikkje arrangert møte i Studentråd våren 2021. Undervegs i semesteret blei det gjort nyval av fagansvarleg i mars. Det var liten tid gjenstående til å kunne arrangere eit allmøte for tillitsvalde, då nytt AU skulle veljast i april. Det blei heller ikkje gjennomført Studentrådsmøte på haustsemesteret. Sjølv om det ikkje tel med, så kan det likevel nemnast at eit slikt møte vil bli gjennomført i januar 2022, med rom for eit nytt møte seinare på våren.

6. Studiestart 2021

6.1 Fadderveka

Grunna pandemien var det meir krevjande enn tidlegare å rekruttere studentar til styret for Fadderveka. Få søkjarar og feire trekte søknadar gjorde at intervjurundane ikkje fann stad før midt i mars, og styret ikkje vart konstituert før i april. Sidan ingen søkte på vervet som sponsoransvarleg, vart økonomi- og sponsoroppgåvene lagt til leiar.

Faddervekestyret måtte nok eit år planlegge for koronarestriksjonar, og leiar og org.kons. følgde opp arbeidet med faste møter ein gong i veka gjennom sommarferien, med intensjon om å senke terskelen for å kome med spørsmål og ta opp utfordrande sakar.

Gjennomføringa av Fadderveka gjekk forholdsvis bra, gitt anstendigheitene. Det blei ei mindre mengde arrangement enn vanleg. Det er viktig å merke seg at i byrjinga av august var Volda kommune eit av dei største smittestadane i landet. Likevel vart det rapportert svært få koronatilfelle under sjølve Fadderveka. I tillegg var det høve til å teste seg på campus, samt smittervernreglar blei følgde.




I etterkant av Fadderveka har evalueringa vist eit større behov for fastare rutinar om korleis arrangementet skal planleggast og ei betre klargjering av ansvar mellom HVO, velferdsgruppe og fadderstyre. Samt at økonomisk oversikt bør betrast betrakteleg. Vi tek med desse erfaringane inn til ny fadderveke i 2022.

6.2 Val av nytt Studentparlament

Rekrutteringa til Studentparlamentet tok plass i slutten av august. AU stod på stand både under Fadderveka og tre torsdagar på rad. Fristen for å melde sitt kandidatur var opphavleg satt til 13. September. tillegg hadde AU stått på stand tre torsdagar på rad, samt under Fadderveka. Dette hadde ei vesentleg effekt. Uheldigvis var det ikkje kome inn nok kandidatar til at AU ville fortsette til val. Derfor blei fristen utsett til 18., og leiar oppfordra på e-post til alle studentar registrert ved HVO til å stille. Dette hadde ei vesentleg effekt. Innan fristen var ute hadde rekordmange 34 studentar meldt sitt kandidatur. Dette førte til ei sterk konkurranse om både dei faste og vara plassane.

Valet blei gjennomført digitalt, der alle studentar blei tilsendt lenke på epost. I tillegg blei valet annonsert på Canvas, samt ei nyheitssak på Høgskulens nettside, som blei delt på sosiale media.

Valoppslutninga var på 5,5%, noko som tilsvara 258 av 4629 stemmeføre. Dette har vore ei gjentakande trend gjennom pandemien, og eit fenomen mange studentdemokrati slit med på andre institusjonar. Til ettertanke bør ein kunne forbetre seg på marknadsføring av valet, og skilje den sterkare frå valet med studentrepresentant i Høgskulestyret.



6.3 Oppstartshelg

Årets oppstartshelg (laurdag til søndag) blei gjennomført i på Sunnmøre folkehøgskule i Ulsteinvik, med overnatting på Sollid i Hareid. Kurs og opplæring blei gjennomført med besøk frå NSO, SAIH og Studentombod digitalt, og prorektor og ordstyrar fysisk. Seminaret føregjekk på laurdagen, med 15 av 29 påmeldte.

Til ettertanke skulle ei representant frå velferdsgruppa (utanfor AU) vore representert, samt at det hadde vore ønskeleg at ei studentrepresentant frå Høgskulestyret var til stades (men på dette tidspunktet var dei ikkje blitt vald enno). I tillegg blei informasjon om helga gjeve litt seint, då helga måtte flyttast frå 25-26. September til 2-3. Oktober.



7. Samarbeid

7.1 Samarbeid med leiinga ved HVO og Studentsamskipnaden

Gjennom 2021 har vore eit forholdsvis godt og tett samarbeid med leiing og samskipnad. Vi har hatt faste leiingsmøter omtrentleg ein gong i månaden, der alle partar får høve til å ta opp saker og planlegge vidare arbeid.

Under pandemien har også leiar hatt fast plass i kriseleiinga ved HVO, som gjennom 2021 hatt varierende frekvens av møter avhengig av smittesituasjonen og hyppigheit av regjeringas pressekonferanse. AU er nøgd med gjennomgangen i desse møta, og takksame for at perspektivet til studentane blir teke på alvor.

HVO inviterte også til eit styreseminar i haust, der leiar og informasjonsansvarleg deltok i Ålesund. Her fekk Studentparlamentet gjennomslag for at studentmedverknad og miljø skal vere ledd i hovudstrategien til Høgskulen i perioden 2022-2030.

Velferdsansvarleg og organisasjonskonsulent har delteke i velferdsgruppa, der alle tre aktørane, samt eksterne, er representert. Dette styrker velferdstilbodet og koordineringa av dei, og gruppa gjer eit særst viktige arbeid. Framover skal velferdsgruppa få stadfesta eit endeleg mandat og ansvar med tilførde midlar, noko som er svært ønskeleg frå AU.



7.2 Studentrådet i UH-nett Vest

På vårsemesteret føregjekk dei fleste av møta digitalt. Det blei heldigvis mogleg å arrangere overlapp i Stavanger, der både kursing og erfaringsutveksling stod sentralt. Leiar og nestleiar deltok frå Volda.

Gjennom hausten har det blitt gjennomført to fysiske møter. I august blei det teke plass i Bergen, medan Volda var vertskap i oktober. På begge samlingane stod erfaringsutveksling sentralt, men også ei sak som rettar kritikk mot NLA høgskulen og institusjonens vilje til å gjennomgå det studentrådet UHNV ser på som naudsynte.

Det blei også gjort eit mindre digitalt møte i desember, då det ikkje blei mogleg å gjennomføre eit fysisk møte planlagt til Kristiansand.

7.3 Norsk Studentorganisasjon (NSO)

Grunna pandemien var føregjekk møta med NSO på våren digitalt. Det inkluderte også landsmøtet som tok plass i april. I medlemslagsmøtet var Studentparlamentet representert av tidlegare leiar.

Studentparlamentet har 3 delegatar på landsmøtet, og for 2021 bestod delegasjonen av delegasjonsleiar Trond-Fredrik Hoddevik, delegatane Arnaud Duhamel og Simen Vederhus, samt vara Trym Rimmen. På landsmøtet stilte Trym til val for ein plass i Sentralstyret (som skal representere landsmøtet) og blei valt inn som 3. vara. I tillegg stilte Trond-Fredrik som kandidat til Læringsmiljøpolitisk Komité (LMPK) og blei varamedlem.

Resten av året har leiar delteke enten på digitale medlemslagsmøter og leiarsamling i byrjinga av august, men ikkje i slutten av september. Studentparlamentet deltok også på haustkonferansen i oktober, og vart representert av delegatane Robert Kim Hoang og Leander Prag Sømme. Trond-Fredrik deltok som delegat for LMPK.



7.4 SAIH – Studentenes og akademikernes internasjonale hjelpefond

På opplæringsseminaret for Studentparlamentet deltok SAIH sin nestleiar Martine Billing, og introduserte organisasjonen og arbeidet deira. Ho fortalde til parlamentet korleis SAIH nyttar pengane dei får gjennom ordninga med SAIH-tiarane som blir betalt frivillig over semesteravgifta.

I 2021 avholdt SAIH sitt landsmøte i april. Der deltok dåverande internasjonalt ansvarleg Paloma Lorenzale Alonso. SAIH inviterte også Studentparlamentet til eit nasjonalt møte 24-26. September, men pga. sein flytting av oppstartshelga, fekk ikkje AU høve til å sende nokon representantar.

8. Økonomi

8.1 Budsjett og rekneskap for 2021

Budsjett for 2021 vart vedtatt på parlamentsmøte 27. januar. Støtta på 100 000 kr frå SiVolda og 125 000 frå HVO var som tidlegare år.

Sidan Studentparlamentet sine midlar ikkje blir overført frå eit år til eit anna, er det eit mål å setje opp eit så realistisk budsjett som mogleg og gå i tilnærma null. Budsjettet var sett opp med håp om eit opnare samfunn og meir aktivitet enn 2020, men vårsemesteret vart prega av digital undervisning og heimeeksamen. Det betydde også mindre fysisk aktivitet i Studentparlamentet, og dermed mindre midlar brukt på kurs, seminar, møter, reiser, arrangement og aktivitetar.

Studentparlamentet hadde eit driftsresultat (overskot) på 79 000 kr i 2021. Dette er eit høgare driftsresultat enn eit normalår, men ligg tett opp til 2020, som også var prega av korona.

Budsjett og Rekneskap

2021

Inntekter

| | | | | |
|--------------------|----|---------|----|---------|
| Støtte frå HVO | kr | 125 000 | kr | 125 000 |
| Støtte frå SiVolda | kr | 100 000 | kr | 100 000 |

| | | | | |
|---------------|-----------|----------------|-----------|----------------|
| Totalt | kr | 225 000 | kr | 225 000 |
|---------------|-----------|----------------|-----------|----------------|

| Utgifter | Budsjett | Rekneskap | Til gode |
|------------------------------------|-------------------|------------------|------------------|
| Drift av Studentparlamentet | | | |
| Seminar, kurs o.l. | kr 20 000 | kr 16 528 | kr 3 472 |
| Møtegjennomføring | kr 25 000 | kr 13 927 | kr 11 073 |
| Informasjon/profilering | kr 30 000 | kr 22 096 | kr 7 904 |
| Sosialt | kr 30 000 | kr 12 400 | kr 17 600 |
| Drift/kontor | kr 10 000 | kr 3 490 | kr 6 510 |
| Anna uforutsett | kr 10 000 | kr - | kr 10 000 |
| Sum | kr 125 000 | kr 68 440 | kr 56 560 |

Støtte til studentaktivitetar - velferdsmidlar

| | | | |
|-----------------------------|-------------------|------------------|------------------|
| Fadderveka | kr 5 000 | kr 5 000 | kr - |
| Pris for internasjonisering | kr - | kr - | kr - |
| Studentorganisasjonar | kr 95 000 | kr 77 000 | kr 18 000 |
| Sum | kr 100 000 | kr 82 000 | kr 18 000 |

| | | | |
|-------------------|-------------------|-------------------|------------------|
| Sum totalt | kr 225 000 | kr 150 440 | kr 74 560 |
|-------------------|-------------------|-------------------|------------------|

Resultat

| | |
|----------------------------|------------------|
| Inntekter | kr 225 000 |
| Utgifter | kr 150 440 |
| Driftsresultat 2021 | kr 74 560 |

8.2 Tildeling av velferdsmidlar

100 000 kr av Studentparlamentet sitt budsjett for 2021 var sett av til støtte til studentorganisasjonar. Utover faste beløp øyremerkka Fadderveka og pris for internasjonisering, er midlane tilgjengelege for studentorganisasjonane gjennom digitalt søknadsskjema. Organisasjonane kan søkje om inntil 7 000 kr per søknad, og søknadane blir handsama av AU fortløpande.

AU mottok totalt 13 søknadar, 7 søknadar ila vårsemesteret og 6 ila haustsemesteret. Av desse fekk 1 søknad avslag, og 1 søknad vart først innvilga, men arrangementet vart avlyst grunna korona, og midlane dermed ikkje betalt ut. Slik enda vi på totalt 11 utbetalingar.

| Støtte til studentorganisasjonar - Velferdsmidlar 2021 | | | | Budsjett: |
|---|--------------------|--|-----------|---------------|
| | | | | 90 000 kr |
| V2021 | Volda Studentradio | Musikkavgifter | kr | 7 000 |
| | NJ Student Volda | Pressepris og Pressepub | kr | 7 000 |
| | Peikestokken | Trykkjekostnader | kr | 7 000 |
| | Animation Volda | Digitalt system «Eventive» | kr | 7 000 |
| | Dokfilmfestivalen | Innkjøp av utstyr (festivalen avlyst pga korona) | kr | 7 000 |
| H2021 | Peikestokken | Trykkjekostnader | kr | 7 000 |
| | Volda Studentradio | Teknisk utstyr, musikkavgifter | kr | 7 000 |
| | NJ Student | Pressepris og Pressepub | kr | 7 000 |
| | Studentsamfunnet | Arr. for frivillige | kr | 7 000 |
| | Peikestokken | Arr. ifm. 50-årsjubileum | kr | 7 000 |
| | VEKA i Volda | VEKA 2022 | kr | 7 000 |
| | Sum totalt | | kr | 77 000 |
| Til gode av budsjettet på 90 000 kr | | | kr | 13 000 |

Talet på søknadar tilsvarar korona-året 2020, då vi fekk 12 søknadar, men det er vesentleg færre enn tidlegare år. Til samanlikning fekk vi 20 søknadar i 2019 og 24 i 2018. Studentparlamentet er uroa over kva pandemien har gjort med studentaktiviteten, og at dei vanskelege forholda for å drive studentaktivitetar dei siste par åra kan få langvarige følgjer. Det er krevjande å starte oppatt ein sovande organisasjon, og studentane mister den naturlege kompetanseoverføringa dei ville ha fått ved å gå inn i eit aktivt styre.

AU tildelte som tidlegare år 5 000 kr til Fadderveka. Prisen for internasjonalisering vart ikkje delt ut grunna korona.

Studentparlamentet sit att med 18 000 i ubrukte velferdsmidlar av dei totalt 100 000 som var tiltenkt studentorganisasjonar for 2021. Målet for 2022 er å auke talet søknadar og legge til rette for auka aktivitet slik at heile potten kjem studentorganisasjonane til gode.